



Det vert spennande å følgje med på Ingebjørg og Kari når langrennsesongen startar.

**- Vi har hatt ei flott og inspirerende treningsveke, seier Kari Bråtun som fredag kveld kom heim, saman med venninna Ingebjørg Haugland, etter ei strålende treningsveke på Liatoppen i Ål kommune. Dei var så heldige at dei fekk hospitere på treningssamlinga som skilinja ved Voss gymnas hadde.**

Tilsaman var om lag 40 skitalent samla, og dei trena to langrennsøktar dagleg med svært gode treningsforhold medan dei budde på Liatoppen Fjellstove. Samlinga var altså ein del av opplegget til skilinja ved Voss gymnas, og deltakarane fekk særdeles god instruksjon av dei 4 lærarane Kristen Skjeldal, Gisle Fenne, Knut Steinar Skiple og Jarle Ure.

Tidlegare har Ingebjørg og Kari vorte godt kjende i det gode langrennsmiljøet på Voss m.a. gjennom deltaking i to helgesamlingar i regi av Vossalangrenn tidlegare i haust. Gode resultat dei hadde sist sesong, er og lagt merke til!

Skilinja på Voss gymnas har to liknande vekessamlingar på programmet; - ei veke i desember og ei veke i midten av januar. Dei to talentfulle og treningsvillige uskedalsjentene er svært så velkomne til å vera med på desse samlingane og. Dette er ein kjempemulighet som dei håpar å få mest mogeleg utav. Derfor håpar dei at dei at det skal la seg kombinere best mogeleg med skulegangen på Kvinnherad vidaregåande skule. Der går Ingebjørg 2.året på studiespesialiserande linje, medan Kari byrja på same studieretninga sist haust.

- Det er veldig kjekt å verta skikkeleg kjent med dei andre løparane frå fylket. Tidlegare har vi berre treft dei på renn. Dessutan er dette veldig inspirerende i treningsarbeidet, seier dei to.

Det er jammen imponerende å vera vitne til nivået dei har nådd. Å hevda seg blant dei beste i fylket fortener stor respekt, og skal dei utvikla seg vidare gjer dei det heilt rette når dei reiser ut og hentar impulsar i andre gode

langrennsmiljø.

Tekst: Thor Inge Døssland

Foto: Ola Matti Mathisen